



Arkivnr: 2014/11976-59

Saksbehandlar: Even Vaular

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		17.01.2018
Fylkesutvalet		01.02.2018

## Omklassifisering av FT. 202 - Telavåg, Sund kommune

### Samandrag

Saka gjeld omklassifisering av ein del av fylkesveg 202 ved Telavåg i Sund kommune. Den aktuelle vegstrekninga vart erstatta av ny trasé etter at fylkesvegen vart utbetra i 2009/2010, og har fått status FT. 202 (T = temporær / mellombels). Som følge av at det er bygd ny veg, vurderer Statens vegvesen at FT. 202 ikkje lengre fyller funksjonane til ein fylkesveg, og at den difor bør verte omklassifisert til kommunal veg. Vegvesenet og kommunen har gjennomført felles synfaring for å kartlegga kva tiltak som vegvesenet må gjennomføra for at vegen skal halda tilfredsstillande stand ved overtaking. Vegvesenet stipulerer kostnadane for desse tiltaka til kr 200.000 eks. mva. Sund kommune har ingen merknader til omklassifisering av FT. 202 så framt vegen innan overtaking er utbetra i samsvar med oppsummeringa av nemnte synfaring.

**Økonomi:** Kostnadar til utbetring av FT. 202 vert dekkja av fylkesvegmiddlar. Reduksjon i meter fylkesveg medfører noko reduksjon i rammetilskotet til fylkeskommunen, men også reduserte drifts- og vedlikehaldskostnadar.

**Klima:** Tiltaket vil ha liten eller ingen innverknad på klimaet.

**Folkehelse:** Det er tenkt at den gamle vegstrekninga skal stengast av for gjennomgangstrafikk, noko som kan auka tryggleiken til barn og unge som nyttar seg av idrettsanlegget ved gamlevegen.

**Regional planstrategi:** Det er ingen direkte samanheng mellom tiltaket og mål og strategiar i Regional planstrategi 2016-2020.

### Forslag til innstilling

I tråd med tilrådinga frå Statens vegvesen vert FT. 202 hp 1 km 3,132 – 3,620, lengde 488 meter, omklassifisert til kommunal veg.

Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen vert overlevert til Sund kommune skal vegen setjast i den stand som følger av veglova § 7 fjerde ledd og i samsvar med oppsummering etter synfaring 14.03.2017 frå Statens vegvesen.

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 20.11.2017

## 1. Bakgrunn

Saka gjeld omklassifisering av ein del av fylkesveg 202 ved Telavåg i Sund kommune. Den aktuelle vegstrekninga vart erstatta av ny trasé etter at fylkesvegen vart utbetra i 2009/2010, og har fått status FT. 202 (T = temporær / mellombels). Statens vegvesen har i brev dagsett 6. oktober 2017 kome med framlegg til vedtak i saka. I tråd med veglova §7 har vegvesenet innhenta uttale frå kommunen, samt gjennomført ei felles synfaring. Endeleg vedtak vert gjort av fylkesutvalet i Hordaland.

## 2. Saksopplysingar

Vegstrekninga FT. 202 har ei lengde på 488 meter og gir tilkomst til ein ein bustad og eit idrettsanlegg. Nord og sør for idrettsanlegget er det etablert kryss mellom ny og gamal fylkesveg. FT. 202 er markert med mørkeblå strek i kartutsnitta under.



Statens vegvesen og Sund kommune gjennomførte synfaring av vegstrekninga 14. mars 2017. Dei vart på synfaringa samde om at vegstrekninga skal stengast for gjennomkøring. Under synfaringa vart det kartlagt kva tiltak som må verte gjennomført for å tilfredstilla krava i NA-rundskriv 97/13<sup>1</sup>. Dette er tekniske krav som skal sikra at omklassifisert veg held ein tilfredsstillande standard når den vert overført til ny vegeigar.

## 3. Vurdering av klassifisering

Vegvesenet syner til gjeldande kriterium for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar<sup>2</sup>. Der heiter det mellom anna at «*ein fylkesveg skal ha eit befolkningsunderlag på minst 50 personer*», og at den «*skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning*».

Etter vegvesenet si vurdering har den nye vegtraseen gjort at FT. 202 ikkje lenger fyller funksjonane til ein fylkesveg. Dei rår difor til at FT. 202 vert omklassifisert til kommunal veg. Sund kommune skriv i si uttale til saka at dei har ingen merknader til omklassifisering av vegstrekninga, så fram t vedtak i fylkeskommunen legg til grunn at vegen innan overtaking er utbetra i samsvar med oppsummeringa av synfaringa. Vegvesenet har stipulert kostnadane for tiltaka i oppsummeringa til kr 200.000 eks. mva.

<sup>1</sup> NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7».

<sup>2</sup> Kriteria går fram av Samferdselsdepartementet sitt brev til fylkeskommunane av 26. mars 1985.

Statens vegvesen si tilråding til vedtak er som følger:

*«FT 202 hp 1 km 3,132 – 3,620, lengde 488 meter, vert omklassifisert til kommunal veg.*

*Før endeleg vedtak om omklassifisering trer i kraft og vegen overlevert til Sund kommune, skal vegen setjast i den stand som følger av veglova § 7 fjerde ledd og i samsvar med oppsummering etter synfaring 14.03.2017 frå Statens vegvesen.»*

#### **4. Fylkesrådmannen si tilråding**

Fylkesrådmannen rår til at FT 202 ved Telavåg, Sund kommune, vert omklassifisert til kommunal veg i tråd med vilkåra i vegvesenet si tilråding.

**Vedlegg:** Saksutgreiing med framlegg til vedtak frå Statens vegvesen. Vedlegget inkluderer også uttale frå Sund kommune og referat/oppsummering frå synfaring.